



Åge Søgner med vinnarfangsten, ein lyr på 2,96 kilo, tatt med stang frå vannskuter. (Foto: Kjetil Vasby Bruarøy/Christina Forstrønen Bruarøy)

Største fisk blei tatt frå vannskuter

Kystsogevekene - bildeserie: Åge Søgner briljerte på fiskekonkurranse i Øyane.

Av: Kjetil Vasby Bruarøy (mailto:kjetil@midtsiden.no) Søndag, august 5, 2018 - 11:47

Laurdag opna Kystsogevekene i Os, som i år er utvida til åtte arrangement i løpet av vekene som kjem (<https://www.midtsiden.no/aukar-til-atte-kystsoge-arrangement>).

Opninga var tradisjon tru på Bunnpris Vedholmen, med sal av heimelaga mat, lodd og fiskekonkurranse.

Kven får mest fisk og kven får den største?

Fiskekonkurransen gjekk frå klokka 10 til 15.

Over 100 ut i båt

Konkurransen hadde 75 deltakarar, 40 i klassen under 10 år, 13 i klassen 10 til 16 år og 22 frå 16 år og opp.

– Dette er like kjekt kvart år! seier Tom Fossengen frå Os Fritidsfiskarlag.

Arrangørane stilte med åtte medlemmar til å gjennomføra registrering, veking av fangst og utdeling av premiar.

– Saman med mannskap og familiemedlemmar er det nok langt over 100 som er på fisketur i dag.

Mest og tyngst

Mykje av fangsten besto av makrell og pale, og dei fleste med god fangst hadde ein pose som vog rundt 5 kilo.

Mest fisk av alle var det *Anna Strønen* som fekk, ho hadde ein samla fangst på 8,54 kilo.

Den største fisken blei tatt med stang av *Åge Søgner*, som fiska frå vannskuteren sin. Han fekk ein lyr på 2,96 kilo.

– Eg skjønner ikkje kva folk skal med vanleg båt. Vannskuter er raskare og kjekkare å køyra. Det er godt å sjå at skuter også er betre å fiska frå, spøkte Åge då han forsto at fangsten hans låg an til å vinna.

Desse fekk mest fisk - topp 3 per klasse:

Under 10 år - 40 deltakarar:

1. Anna Strønen 8,54
2. Liva Færevaaag 4,30 kg
3. Alexandra Hufthammer 4,28 kg

10 til 16 år - 13 deltakarar:

1. Nikolai Austevoll Bolstad 5,96 kg
2. Madelen Bruarøy 5,04 kg
3. Linea Strønen 4,86 kg

Over 16 år - 22 deltakarar

1. Tilde Baggen 5,98 kg
2. Evy Fyllingen 5,42 kg
3. Åge Søgner 3,12 kg

Neste arrangement i Os under Kystsogevekeene er natursti i Ervikane førstkomande tysdag. Laurdag er det tilbake til Øyane med vernissasje på Vedholmen Galleri.

1 kommentar

Sorter etter

Eldste



Legg til en kommentar ...



Kjell Bjørn Elvesæter Særvoll

Like kjekt for hvert år, fiskekonkurransen i Øyane under Kystsogevekeene .som er et arrangement av Os Fritidsfiskerlag.

Liker · Svar · 1 d

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)